

ORDNING FOR NATTVERD

NYNORSK

INNHALD

| | |
|--|---|
| Ordning for nattverd | 2 |
| Kva nattverden er | 2 |
| Nattverden i Luthers vesle katekisme | 2 |
| Nokre praktiske råd | 3 |
| Nattverdhandlinga | 5 |
| 1. Innbyding | 5 |
| 2. Innstiftingsorda..... | 6 |
| 3. Nattverdmåltidet | 6 |
| 4. Delestund..... | 7 |
| 5. Framlegg til avslutning..... | 7 |

Godkjent av Hovudstyret mai 2011

ORDNING FOR NATTVERD

KVA NATTVERDEN ER

Ei samanfating av dei bibelske hovedpunkt om nattverden viser kor stor rikdom Gud har gjeve sitt folk i dette måltidet:

Nattverden er eit **nådemiddel**. Det tyder at Gud i dette måltidet møter oss med si frelse. Vi møter nåden og tilgjevninga si store gåve. (Matt 26,26-28)

Nattverden er også eit **sakrament**. Det tyder at måltidet er innstifta av Jesus, og at Gud gjennom synlege middel gjev oss sin usynlege nåde. Vi tek imot Jesu lekam og blod under skapnad av brød og vin. (Mark 14,22-24)

Å vere samla til nattverd har fleire bibelske perspektiv ved seg.

- Nattverden er eit **minnemåltid**. Vi minnest Jesu soningsverk, Hans liding og død for våre synder. (1. Kor 11,23-25)
- Nattverden er eit **samfunnsmåltid**, gjeve til Guds folk. Her kan alle som trur på Jesus, få dele velsigninga i samfunnet av dei heilage. Her vert fellesskapen mellom Jesus og dei som trur på Han knytt og styrka. (1. Kor 10,16-17)
- Nattverden er eit **forkynningsmåltid**. Alle som tek del i måltidet er med og forkynner Herrens død, inntil Han kjem. (1. Kor 11,26)
- Nattverden er også ein **forsmak på det store festmåltidet** som Herren sjølv har invitert oss til i sitt fullkomne rike. (Luk 22,15-16)

NATTVERDEN I LUTHERS VESLE KATEKISME

1. **Kva er nattverden?** Nattverden er vår Herre Jesu Kristi lekam og blod, som han gjev oss i brødet og vinen.
2. **Kva seier Guds ord om dette?** «Vår Herre Jesus Kristus, den natta han vart sviken, tok han brødet, takka og braut det, gav sine lære-sveinar og sa: Ta dette og et det. Dette er min lekam, som vert gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg! Likeins tok han kalken etter kveldsmåltidet, takka, gav dei og sa: Drikk av det alle. Denne kalken er den nye pakt i mitt blod, som vert utrent for dykk til forlating for syndene. Så ofte som de drikk det, så gjer det til minne om meg.»

3. **Kva får vi i nattverden?** Det ser vi av desse orda: «Gjeven for dykk» og «utrent for dykk til forlating for syndene». Med desse orda får vi i sakramentet forlating for syndene, liv og sæle. For der det er forlating for syndene, der er det liv og sæle.
4. **Korleis kan det at vi et og drikk verke så store ting?** Å ete og drikke gjer det ikkje. Det som verkar, er Jesu ord om sin lekam og sitt blod. Saman med brødet og vinen er desse orda hovudsaka i sakramentet.
5. **Korleis brukar vi nattverden rett?** Vi går til altars med det rette huglaget når vi trur desse orda: «Gjeven for dykk» og «utrent for dykk til forlating for syndene». Desse orda krev hjarto som trur.

NOKRE PRAKTISKE RÅD

1.
Nattverdsamlinga bør normalt leiast av ein som tilhøyrer den åndelege leiarskapen i forsamlinga. Den einskilde organisasjon definerer kven som kan forrette nattverd.
2.
Nattverdforvaltninga skal skje på ein verdig måte. Sørg for å ordne alt i god tid før samlinga. Det er viktig at den ytre ramma verkar med til å gjere nattverdmøtet til ei høgtidsstund.
3.
Som vin anbefalast alkoholfri nattverdsvin eller saft av druefrukt. Som brød kan det anten brukast oblatar eller anna usyra brød.

Vi tilrår ikkje intinksjon (at brødet vert dyppa i vinen). Jf. Jesus ord om å ete av brødet og drikke av kalken (Matt 26,29; 1. Kor 11,26).
4.
Når ein innbyd til nattverd må det positivt understrekast at nattverden er for dei som vedkjenner Jesus som sin frelsar eller som ynskjer å høyre Han til.
5.
I samvær der barn er til stades, skal dei ikkje oppleve press til å ta del i nattverden. Foreldre/føresette til barnet må vurdere om deira barn skal vere med. Her trengst visdom og god sjelesorg. Det kan også vere aktuelt å velsigne barna.
6.
Nattverd kan organiserast på ulike måtar:

- Som del av møte, storsamling, gudsteneste. Deltakarane kjem fram og kneler ved knefall eller står på ei rekkje eller i ein halvsirkel. Utdelar/-ane kan dele ut brødet og vinen medan han/dei seier utdelingsorda. Brød og vin vert send frå person til person med dei same ord.
- Når leiaren sit ved nattverdbordet og forsamlinga sit i benkene: Leiaren tek fatet med brød, går ned til deltakaren som sit ytst på første rad og seier utdelingsorda for brødet. Vedkomande seier det same når brødet vert levert vidare til neste person. Leiaren tek så vinen med seg til same person og seier utdelingsorda for vinen. Når utdelinga skjer på denne måten, bør leiaren ha hjelp av ein eller to andre. Desse hjelper til når brødet og vinen skal sendast frå benk til benk og når utdelinga kjem til avslutning. Då ber dei brødfatet og kalken fram igjen til leiaren.
- Når alle sit rundt eit bord: Brødet vert sendt frå person til person. Leiaren seier til den første som tek imot brødet: Dette er Jesu lekam. Vedkomande seier det same når brødet vert levert vidare til neste. Deretter vert vinen sendt på same måte med desse orda: Dette er Jesu blod.
- Normalt deler leiar og utdelarar brød og vin til sist i nattverdmåltidet.

NATTVERDHANDLINGA

1. INNBYDING

Innbyding til nattverden

Ved innbyding til nattverden må det positivt understrekast at nattverden er for dei som vedkjenner Jesus som sin Frelsar eller ynskjer å høyre Han til.

SANG

ANDAKT

Er nattverden eit framhald på eit møte, trengst det normalt ikkje eit nytt forkynnande ledd her.

BØNN

Leiaren kan be éin eller to av deltakarane leie i bøn.

INNLEIINGSORD/NATTVERDPÅMINNING

L

Alt I

Når vi no er samla til nattverd, vil vi leggje kvarandre på hjarta Jesu ord då han sa: Dette er min lekam som vert gjeven for dykk --- Og dette er mitt blod som vert utrent for dykk til forlating for syndene. Vi skal tru desse orda slik dei står i vår Bibel, og ta dei til hjarta. Lat oss så saman takke Gud for så stor ei gåve, elske kvarandre av eit reint hjarta, og med alt Guds folk ha trøyst og glede i Jesus Kristus, vår Herre.

Alt II

«Kjæraste Kristi vener! Vi er samla i vår Herre Jesu Kristi namn og vil halde nattverd med Han og med kvarandre. Guds ord minner oss om at vi skal prøve oss sjølve og leggje oss på hjarta kva Herren gjev oss når vi kjem til Hans bord. Lat oss høyre kva vår Frelsar sjølv seier om gåvene sine, så vi kan ta i mot dei på retteleg vis: «Dette er min lekam som vert gjeven for dykk. Denne kalken er den nye pakt i mitt blod, som vert utrent for dykk til forlating for syndene.» Av desse orda veit vi at Jesus Kristus er fullt og heilt til stades med sin lekam og blod i brødet og vinen, slik som orda lyder. Så vil vi i tru og tillit ta imot Han i brødet og vinen, til forlating for syndene, liv og sæla.»

2. INNSTIFTINGSORDA

L

(1. Kor 11,23-26)

For eg har fått frå Herren det som eg og har gjeve til dykk, at Herren Jesus, den natta då han vart sviken, tok eit brød, takka, braut det og sa: Dette er min lekam, som er for dykk. Gjer dette til minne om meg! Like eins tok han kalken etter kveldsmåltidet og sa: Denne kalken er den nye pakt i mitt blod. Gjer dette, så ofte som de drikk av han, til minne om meg! For så ofte som de et dette brødet og drikk denne kalken, forkynner de Herrens død, til dess han kjem.

Lat oss saman be Herrens bøn¹.

Fader vår, du som er i himmelen! Lat namnet ditt helgast. Lat riket ditt koma. Lat viljen din råda på jorda så som i himmelen. Gjev oss i dag vårt daglege brød. Forlat oss vår skuld, som vi òg forlèt våre skuldmenn. Før oss ikkje ut i freisting, men frels oss frå det vonde. For riket er ditt, og makta og æra i all æva.

Amen.

L

Kom, for alt er ferdig!

3. NATTVERDMÅLTIDET

Utdelinga skjer med desse orda: Dette er Jesu lekam/Dette er Jesu blod eller: Jesu lekam, gjeven for deg/Jesu blod, utrent for deg.

Under utdelinga høver det med passande musikk, og/eller det kan syngjast høvelege songar/salmar.

L

TILSEIINGA

(Etter at alle har teke imot brød og vin):

¹ «Fader vår» kan ein be i den språkform som er mest naturleg.

Den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus har no gjeve oss sin heilage lekam og blod, som han gav til soning for alle våre synder. Han styrkje oss med det og halde oss oppe i ei sann tru til det evige liv. Fred vere med dykk.

Amen.

4. DELESTUND

Etter sjølve nattverdhandlinga kan det gjevast høve til bøn, vitnemål og forbøn.

5. FRAMLEGG TIL AVSLUTNING

Songvers/ein høveleg lovsong.

L

Leiaren lyser velsigninga.

Anten:

Herren velsigne deg og vare deg.
Herren late sitt andlet lyse over deg og vere deg nådig.
Herren lyfte sitt åsyn på deg og gjeve deg fred.

Amen.

Eller:

Vår Herre Jesu Kristi nåde,
Guds kjærleik
Og Den Heilage Andens samfunn
Vere med dykk alle!

Amen.